

**Til Masfjorden kommune  
5981 Masfjordnes**

**Anmodning frå Masfjorden Idrettsråd vedrørande revidert søknad om dispensasjon til bygging av universell utforma tursti/turveg til Dagsturhytta på Grøttneset i Masfjorden kommune.**

Masfjorden Idrettsråd er kjent med at Statsforvaltaren har kome med motsegn til å byggje den planlagde turstien med universell utforming som skal gå frå Kvingo til Grøttneset der dagsturhytta er plassert, og vil i den samanheng vise til kvifor ein nettopp har valgt å plassere dagsturhytta der.

Idrettsrådet har årleg gitt kommunen råd om behov, prioriteringar og løysingar når det gjeld den kommunale føringa for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Kommunen som dekker eit stort geografisk område og med ein 3-delt skule-/oppvekstsektor vil også måtte tilretteleggje anlegg for slik aktivitet etter den same strukturen. Pga. store reiseavstandar og eit heller svakt kollektivtilbud er det ynskjeleg at mykje av aktiviteten også er lett tilgjengeleg gjennom lokale nærmiljøanlegg. Dei 3 allidrettslaga våre gjenspeiler også slik tilrettelegging, særleg ved at ein aktiviserer både organisert og uorganisert fjelltrimspostar, sykkeltrimspostar og vinterpostar der ein føl kart, merka stiar osv. Den kommunale delplanen for fysisk aktivitet omfattar også prioritering av fleire turstiar og turvegar som det kan søkjast spelemidler til. Turveg på Nordre Kvingo med universell utforming er ein av fleire turløyper i eit variert terreng, og som Idrettsrådet har tilrådd som godt eigna for personar med nedsatt funksjonsevne.

Då Vestland Fylkeskommune inviterte dei tidlegare Hordalandskommunane om å få plassert ut dagsturhytter slik ein nyleg har gjort i Sogn og Fjordane, var det naturleg at Idrettsrådet som representant for idretten i kommunen deltok i valg av lokalitet. Etter ei grundig forslagsstilling, utgreiing og synfaring, valgte Idrettsrådet Grøttneset som det tilrådde alternativet. Det som utgjorde utfallet var nettopp lite bratt terreng, at det både var landbruksveg og brukte turstiar der frå før og at det var planlagd i samråd med grunneigarar og bygdelag fleire turstiar som kunne utfylle ulike behov frå lette til litt meir krevande karakter, og med kultur- og naturhistorie knytt til området.

Idrettsrådet som er eit kommunalt ledd i Idrettsforbundet, vil sjølvstøtt vektlegge overordna føringar som kjem frå hhv. Norges Idrettsforbund, nasjonale føringar, fylkeskommunale føringar og ikkje minst dei lokale og kommunale føringane gjennom årsmøtevedtak og kommunestyrevedtak.

**NIF, Strategi for idrettens rolle for et fysisk aktivt samfunn:**

Idretten skal jobbe politisk overfor alle forvaltningsnivå for å påvirke til offentlig tilrettelegging for en fysisk aktiv hverdag. Det handler om å få politiske vedtak som gir lover og forskrifter som sikrer bedre rammevilkår for både idrett og fysisk aktivitet. Det må være et planmessig arbeid for flere idrettsanlegg over hele landet, men det kan også være jobbing for strukturelle tiltak som stier, sykkelveier, skiløyper og andre anlegg.

**Vestland Fylkeskommune:**

Vi jobbar for at alle i fylket skal ha moglegheit til å vere fysisk aktive kvar dag. Den fysiske aktiviteten blir skapt i kommunane, i lag og organisasjonar. Fysisk aktivitet heng saman med livskvalitet. Ved å legge til rette for aktivitetar med låg terskel, reduserer vi helseskilnaden mellom sosiale lag, etniske

grupper og kjønn. Fysisk aktivitet har stor verdi både for individet, lokalsamfunnet og storsamfunnet. Det bidreg òg med å skape sosiale møteplassar i lokalsamfunna i kommunane.

**Masfjorden kommune,**

målsetjing i kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2017-2024:

Barn (5-12 år) og ungdom (13-19) vil vere dei viktigaste målgruppene for kommunen sin idrettspolitikkk . Fleire born og unge skal vera i fysisk aktivitet minst 60 min dagleg. - Det er viktig å legge til rette for at personar som i dag er fysisk inaktive, kjem i gang med aktivitet. Fleire vaksne skal vera i fysisk aktivitet i minst 30 min dagleg - Fleire eldre skal vera i fysisk aktivitet minst 30 min dagleg.

På bakgrunn av desse politiske målsetjingane, både kommunalt, regionalt samt i idrettsforbundet så vil Masfjorden Idrettsråd sterkt anmode høyringsinstansane å vektleggje «lavterskel» rammevilkår for fysisk aktivitet for alle, ved at dispensasjon for universell utforma turveg fram til dagsturhytta kan imøtekommast.

Hosteland, 19.4.2021

For Masfjorden Idrettsråd

John Torsvik, leiar